



Mange elevar får nærast eit sjokk ved møtet med ungdomsskulen, skriv FAU ved Uskedalen oppvekstsenter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen bør bli lettare. Det held FAU ved Uskedalen oppvekstsenter fram i eit brev til Rosendal Ungdomsskule, melder innsida.no**

FAU meiner at det no ikkje er rutinar for denne overgangen og dei har fått mange tilbakemeldingar frå foreldre med barn på åttande trinn som reagerar sterkt på at ungane nærast får "sjokk" når dei opplever kva krav som blir stilt til dei på ungdomsskulen.

Dette kunne til ein viss grad vore unngått viss skulane hadde hatt eit tettare samarbeid det siste halvåret av det sjuande trinnet. Her burde ein ta opp dette med studieteknikk, karakterar, innleveringar, kva som er forventa av elevane og korleis ein får tilbakemeldingar frå lærarane.

Her bør også foreldra koma inn som den ekstra ressursen dei er, held FAU fram.